Årsrapport for

Forsking, utviklingsarbeid og formidling

ved HSH – 2005

1. Rapport 2005

Forskings- og utviklingsverksemda ved høgskulen har i 2005 i stor grad vore prega av ein vidare oppfølging, foredling, forbetring og justering av dei mange tiltaka som vart sette i gong i 2004. Generelt var dette tiltak som i stor grad vart sette i gong på bakgrunn av dei nasjonale styringssignala som kom via UFD / St.prp.nr.1 (2003-04), og UHR sluttrapport (18.11.04) "Vekt på forsking" mfl.. Samstundes gav Strategisk plan for HSH i frå 2004 klare strategiske føringar for dreiinga av FoU -verksemda.

Dei områda som har vore prioriterte i 2005 er i hovudtrekk samanstilt innan målområda *(1) Strategiske prosjektområder, (2) Kompetanseheving, (3) Forvaltning av personalressursar, (4) Forskermobilitet, Nettverksbygging, (5) Forskningsdokumentasjon og formidling, og (6) regional FoU.*

1. Dei strategiske prosjektområda: Høgskulen har definert 4 strategiske prosjektområde. Ein kort skildring av verksemda innan områda i 2005 følgjer her.

Maritim næring: Handlingsplan for prosjektområdet er utarbeida, og vart lagt fram for styremøte i desember 2005. Rapporten skildrar den vidare planlagde framdrifta innan satsingsområdet. Personalsamling vart gjennomført våren 2005 for drøfting av maritim satsing. Heildags seminar vart arrangert i november 2005 for drøfting av vidare prosess. Med dette må forståast at satsingsområdet er i ein etableringsfase. Ein har ikkje enno klårt og konkret staka ut den reelle kurs med innhald. Det er mange omsyn å ta. Mellom anna fagleg institusjonell forankring, kombinasjon med oppbygging av eit mastertilbod, regional relevans og etterspurnad. Fagleg relevant overbygging for dei utdanningane som er tenkt prega av satsinga (ingeniør, økadm, nautikk), og koplinga mot anna strategisk prosjektområde innan sikkerhet.

Sikkerhet: Dagsseminar febr. 2005 med både interne fagfolk og sentrale representantar frå det nasjonale sikkerhetsmiljøet. Samarbeidsmøte med UiS i oktober for planlegging av samarbeid omkring mastergrad og fagleg utvikling av sikkerhetssatsinga. Forskingsseminar i februar med interne og eksterne fagfolk i samband med mastergradsutvikling. Dagsseminar for heile personalet i ing/øk/naut. i november med utgangspunkt i "maritim satsing", der sikkerhet er eit integrert element.

Helsefag: Helsefagmiljøa og -utdanningane har vore gjenstand for ein gjennomgripande og systematiske evaluering av NOKUT. Både førebuingane til evalueringa som har involvert fagpersonalet på brei basis, og konsekvensane ved dei resultata som evalueringa førde med seg, har prega mykje av aktivitetane dette året. Mykje av dette må følgjast vidare opp i 2006.

For klargjering av fag- og forskingsprofil for sjukepleieutdanninga vart det i oktober etablert ein eigen arbeidsgruppe. Denne vil vonleg leggje fram sin innstilling mot slutten av februar i 2006. Det har vore gjennomført personalsamling for Haugesundsmiljøet i september om fag/forskingsprofilering, felles dagsseminar i desember for utvikling av fag/forskingsprofil. Dette er et arbeid som går på tvers mellom utdanningane og avdelingane. Det er også etablert og samarbeidsprosjekt med Helse Fonna og Stord kommune og utvikling av kvalitet i sjukepleiepraksis.

IKT i Læring: Her gjennomføres årlige konferanser med intern og ekstern deltagelse. Arbeidet med masterutdanningen og studentprosjekt er omfattende og tidskrevende. Prosjektrapportering på program og underliggende prosjekter vil følge mot årsskiftet. Fagpersonalet arbeider også med ulike forskingsprosjekt. Innan området er det sett i gong eit eiget forskingsprosjekt innen "IKT og nye vurderingsformar". Til prosjektet er knytt vitskapelege assistentar, fagpersonell i førstelektorprogram, og vert leia av doktorgradsstipendiat. Såleis er her fleire under- og delprosjekt. I 2006 tek ein sikte på ein ytterlegare forsterkning av innsats i programmet.

(2) Kompetanseheving: Høgskulen satsar aktivt på kompetanseheving bland personalet i tre hovudretningar. Desse er førstelektorprogram, stipendiatprogram og post doktor- kvalifisering. Me følgjer også opp nokre av personalet som enno ikkje har komen på mastergradsnivå.

Førstelektorprogram: Går føre seg i 3 retningar. Rettleiing individuelt og i grupper, felles seminarsamlingar, og kompetansegjevande kurs fortrinnsvis gjennom VestNorsk Nettverk, og det som viktigaste med gjennomføring av FoU-prosjekt. 3 opprykk til førstelektor i 2005.

Stipendiatprogrammet: Me har i alt 14 stipendiatar i 2005. Ein av desse er finansiert av annan ekstern finansieringskjelde (Rogaland Fylkeskommune). Me har 2 stillingar som er ubesatte per 01.01.06. Ein av desse er finansiert over annan ekstern kjelde. Skriftleg intern rapportering vert gjennomført to gonger i året. Me manglar doktorgradsavtale for 3 av stipendiatane. Me håpar og arbeider for at dette skal ordne seg i løpet av våren 2006. Samtlege har kontakt med rettleiar og relevante fagmiljø. Ytterlegare om doktorgradsutdanning sjå avsnitt 4.3.

Kvalifiseringsstipend ("post doc"): To etablerte fagtilsette i Haugesund vart frå H-04 tildelt 50% kvalifiseringsstipend. Etter ei viss utsetting pga. undervisningsoppgåver, er denne ordninga iverksett i 2005. Tilsvarande vart same ordning etablert for 2 tilsette på Stord. Mål-settinga er å leggje til rette for publiseringsaktivitet som kan gi grunnlag for professoropprykk.

Masterkvalifisering: Innan sjukepleiarutdanningane finnest fortsatt tilsette i masterkvalifisering. Me forsøker å leggje til rette for at også desse skal få moglegheit til i kombinasjon med sitt arbeid å gjennomføre sin master.

(3) Forvalting av personalressursar: Me ser på kompetanseutviklinga og etablering av interne forskingsmiljø og forskingsteam som dei viktigaste oppgåvene innan forvaltninga av dei faglege personalressursane. Dette heng igjen nøye saman med konsentrasjon av FoU-verksemda omkring definerte satsingsområde. Me legg vekt på at forskingsgrupper må utvikla seg organisk innan fagmiljøa, men at leiinga si rolle blir å leggja til rette økonomisk, organisatorisk og tematisk prosjektmessig ut frå strategiske føringar. Me har etablert faglege samarbeidsgrupper innan temaet *IKT i læring, innan* mastergradsstudiet i sikkehetsledelse. Rundt regionaløkonomi er det

etablert ein forskingsgruppe. Innan sjukepleiemiljøet er det ei gruppe som samarbeider omkring temaet *helse og sikkerhet i eit kjønnsperspektiv*. Det er også utvikla team omkring forstudium innan *prosjekt Studentpost* som inneber samarbeid mellom HelseFonna institusjonar og HSH, og kommunale helseteneste og HSH. Innan ingeniørmiljøet er det ei gruppe som arbeider med forsking innan det "gamle" knutepunktsområdet *brann- og sikkerhetsteknikk* Prosjektet *maritim næring* har lagt grunnlaget for ulike faggrupper, men etablering forskingsprosjekt reknar me først kan bli sett i verk i frå 2006. Prosjektteam rundt *Ballastvatn* peikar seg så langt ut som eit aktuelt forskingsområde, med samarbeidsrelasjonar etablert både i det lokale maritime miljø og med forskingsinstitusjonar. Innan HIL-prosjektet vidarefører lærarutdanninga det gode samarbeidet om felles utviklingsarbeid innan *Heilskapleg Innovasjon i Lærarutdanningane* med skuleverket i Stord kommune. Her er etablert eit stort nettverk mellom HSH og ulike praksisskular. Utviklinga av *Kompetansepar* er vesentleg i den vidare framdrifta her. Miljøet kring *IKT i Læring* på Stord har sitt brede interne nettverk og sine samarbeidsrelasjonar. Dei held også ved like sine eksterne nettverk. Interne nettverk utvikla på grunnlag av *tverrfaglege studiar og prosjekt* vert også vesentlege. Innan *musikkteknologi* er etablert eit nettverk bestående av interne og eksterne partar så langt unna som til Kina. Her vart i 2005 også etablert HSH som ein koordinerande sekretariatsfunksjon for eit musikkfagleg nettverk på Vestlandet med eigen nettstad.

(4) Forskarmobilitet og Nettverksbygging: Som ein institusjon med begrensa ressursar til forsking (kompetanse, økonomi) gjer me rekning med at forskingsgruppene våre uansett vil bestå av få personar. Me har mange fagmiljø med fagleg bredde, men me har færre fagmiljø med tyngde og spisskompetanse. Derfor er fagleg samarbeid med andre forskingsmiljø heilt avgjerande. Dei gruppene som er nemnde under målområde 3 har alle eit nært forskingssamarbeid med andre forskingsinstitusjonar, særleg UiS og UiB. Fleire av prosjekta samarbeider også internasjonalt. IKT-miljøet med representant i frå Haugesund har fått godkjent søknad (preproposal) til EUs Minerva-program med HSH som hovudpartnar for eit konsortium med universitet frå ei rekke EU-land. Gjennom intern stipendordning for fagleg reise utanlands er det over 2 år løyvd midlar for tilsette som vil ha eit opphald av kortare eller lengre varighet i utlandet.

(5) Forskingsdokumentasjon og formidling: I samband med tildeling av ressursar til forskingsprosjekt er det innført krav om rapportering og publisering – fortrinnsvis vitskapleg. Men høgskulen har nok ein annan formidlingstradisjon enn universiteta, og det vil ta tid å innarbeide ein kultur for publisering i dei tidsskrifta som per i dag er godkjende i autoritetsregisteret. Det er innanfor ein del FoU-prosjekt ikkje like realistisk å forventa at dei resultata som kjem ut av prosjekta skal få godkjenning i eit referee bedømd nasjonalt eller internasjonalt tidsskrift. Det er også slik at det tar ein del tid frå eit prosjekt blir etablert til forskingsresultata kan dokumenterast i artikkelform. Og det tar ofte betydeleg tid frå eit førsteutkast blir sendt til eit tidsskrift fram til artikkelen evnt. kjem på trykk. Denne situasjon er nok reell for høgskulen per i dag. Derfor er det også eit betydeleg problem å talfesta tidspunkt og kvantitet for publisering. Men me forventar ein framgang i publiseringspoeng frå 2004 til 2005, og vidare framover til 2006 og 2007 som resultat av dei tiltaka som har vore gjort.

(6) Regional FoU: Me rettar vår regionale fou-verksemd mot tre hovudsektorar: Helse og omsorg, Utdanning, Næringsliv. Dette er å sjå på som eit spegl på den kompetanse- og

utdanningsprofil som høgskulen har, og er også ein basis for å kunne yta forskingsbasert undervisning. Me visar til eige avsnitt pkt. 4.2.1.

2 Strategiske prioriteringar

2.1 Rapport 2005

Auka vekt på dokumentasjon av resultat, og vektlegging på kvalitet som igjen gir økonomisk utteljing, er sterke føringar for prioriteringa av FoU-verksemda. Andre tydelege signal er klarare fokus på spesialisering og konsentrasjon, auka vekt på samarbeid, forskingsnettverk og tverrfaglege prosjekt, og at forskinga skal bidra til målretta regional utvikling. For at me skal lukkast i dette arbeidet, har høgskulen lagt vekt på vekt på å utvikle ein forskingskultur, innstille personalet på omstilling og fleksibilitet.

Ein sterkare konsentrasjon av Høgskolens FoU -aktivitetar vil i aukande grad skje gjennom definerte satsingsområde, kompetente forskingsmiljø og etablerte forskarteam. Me har sett det som viktig at satsinga i 2005 og framover dreier seg om utviklinga av ein profesjonell FoU-organisasjon. NOKUT sine krav om ein høgre formal FoU -kompetanse blant fagpersonalet (utvikling og oppfølging av personlege kompetanseplanar), vil påverke prioriteringa av midlar til både forsking -og utviklings- og kompetansestyrkande tiltak. Høgskulen har prioritert og lagt sterkare føringar på fagområde og strategiske satsingsområde der me skal utvikle særleg kompetanse, og innan fagområde der me ser det som relevant å byggje opp nye mastergrader (eigne masterstudium og/eller i samarbeid med andre) ved HSH.

FoU - tid har i stor grad vore oppfatta som ein individuell rett hos den enkelte fagtilsett, men har vist seg lite effektiv og har for dei fleste gitt lite resultat i form av FoU – produksjon. Av den grunn ser me behov for ei sterkare individuell differensiering av tidsressursane til forsking. Me vil poengtera at ingen fagtilsette for framtida automatisk vil ha rett til fou-tid i det heile, men at fou-tid kan tildelast på bakgrunn av kvalifiserte prosjekt. Plikta til å drive forsking som lov om universitet og høgskolar pålegg høgskolane (jf. § 2), er ei institusjonell plikt. Me tolkar dette dit hen at det er høgskolen og avdelingane under denne som har plikt til å drive FoU-arbeid, medan den enkelte fagtilsette i utgangspunktet ikkje har den same retten eller plikta. Det blir i stillings-omtalen og i lokale avtalar at evt. plikt og rett til individuelt FoU -arbeid er å finna. Med avsett tid til forsking, følgjer krav om dokumentert publisering/kunstnarisk produksjon. I samanheng med tildeling av FoU -tid, skal det utviklast meir resultatorienterte mål for denne verksemda, med krav til den enkelte tilsette, og innanfor det enkelte arbeidsåret. I arbeidet med å styrkje FoU -verksemda vert det kravt ei bevisst fordeling av ansvar og oppgåver mellom Høgskolen sentralt og avdelingane. Arbeidet for ein overordna strategi, tilrettelegging for FoU, kompetanseutvikling og ressursar til prosjektfinansiering ligg sentralt til Høgskolen, men også til avdelingane.

Innan satsingsområda og innan forskarteama, ligg ansvaret for den faglege verksemda særleg på avdelingsnivå eller i programnivå. Det same gjeld for oppfølging, for organisering av tid, og for etablering og kvalitetssikring av prosjekt, rettleiing og formidling. Status per i dag er at vi som høgskole nok har ein lang veg å gå for å få opp volumet på den dokumenterte FoU-aktiviteten og for at denne aktiviteten i bredda skal halda eit høgt fagleg nivå.

Eit strategisk val styret har gjort, er i større grad å sentralisere FoU– ressursane, og differensiere desse i bundne budsjettressursar; Strategiske midlar, Stimuleringsmidlar og Forskingsmidlar organisert i program. Me vil arbeida for at alle forskings- og utviklingsarbeid i HSH initierast og knytast opp mot gjennom definerte forskingsprogram el. Prosjekt, og vere underkasta ein ansvarleg programleiing med dertil påfølgjande hensiktsmessig oppfølgjing.

Ei slik dreiing av ansvaret og klåre styringssignal for FoU - verksemda, er eit grep ein har teke med det mål å styre forskings– og utviklingsarbeidet i ei meir strategisk og resultatorientert retning. Etablering av avtalar om samarbeid på institusjonsnivå mellom høgskulen og andre utdanningsinstitusjonar, styresmakter og verksemder og organisasjonar i arbeidslivet ligg til høgskulen sentralt. Men dette må hengje saman med at relevante fagmiljø og avdelingane koplar seg til og etablerar prosjekt, nettverk og samarbeidsrelasjonar.

Avdelingane ved dekanane har fått eit sterkare og tydeleg oppfølgingsansvar for at FoU-arbeidet vert utført i tråd med dei mål og resultatindikatorar som blir gitt. Avdelingane skal arbeide planmessig og systematisk med FoU- verksemda og ha ansvar for å utarbeide tiltak som byggjer på handlingsplan for fou. Avdelingane har eit særleg ansvar for å leggje til rette for god progresjon av fagtilsette som er i stipendiatstilling og fagtilsette som er tekne opp i førstelektorprogrammet.
Mykje av FoU-verksemda har eit regionalt perspektiv. Både institusjonell strategi, og dei individuelle forskar og utviklingsrelasjonane har i stor grad eit regionalt perspektiv i seg. Verksemda rettar seg mot ulike sektorar:

Helse & omsorgssektoren: Me har etablert samarbeidsorgan mellom Helse Vest og utdanningsinstitusjonane innanfor dette geografiske området. Dette er heimla i foretaka sin instruks og er nedfelt i ein samarbeidsavtale. Samarbeidsavtale med lokalt helseforetak som omhandlar bl.a. praksis. Samarbeid med lokale institusjonar (kommunar) om praksis i grunnutdanningar og vidareutdanningar. Studienemndene for sjukepleiarutdanningane har ekstern representasjon.

Utdanningssektor: Me har avtalar med skuleeigar (kommunar) og barnehageeigar (kommunar og private) om praksis i grunnutdanningane. Avtalar med kursregionar (eks. antal kommunar) om kurstilbod og samarbeid. Er i ferd med å innleia samarbeid til fylkeskommunale skular i regionen. Deltek i kontaktutval under utdanningsdirektøren i våre to fylke.

Næringsliv: Samarbeidsavtalar med bransje (reiarlag) om studentutplassering/jobbpraksis, Partnerskapsavtalar med einskildverksemder (større) om konkrete faglege samarbeid. Samarbeid med bransjeforeningar om kurs og utdanning.

Generelle samfunnskontaktar: Har etablert Samarbeidsutvalet inn mot næringsliv og offentelege aktørar. Møte med vertskommunane. Våre folk vert trekte inn i plan/utgreiingsarbeid i kommune og fylkeskommune. Medlem i Maritimt Forum, Industri- og næringsforening etc.

Verksemder: Vekst Industri Sunnhordland AS (VIS), industriinkubator. Aksjekapital og styreplass. Haugaland Kunnskapspark AS. Aksjekapital og styreplass. ResQ AS, kursarrangør sikkerhet, aksjekapital og styreplass. Viking Innovation Partner AS, medlemskap

Internasjonalt: Medeigar i Stavangerregionens Europakontor. Styreplass. Fagenhet for EU-forsking. Samarbeidsavtale. Styreplass.

Den regionale forankringa vert også forsterka gjennom dei aktivitetane som vert genererte gjennom MOBI – Næringsretta høgskulesatsing og Strategiske høgskuleprosjekt. Bakgrunnen for at høgskulen ønskte å ta del i satsinga var eit hovudmål om å etablera høgskulen som ein sentral kompetanseressurs i det regionale innovasjonsarbeidet i Haugalands- og Sunnhordlandsregionen.

I dette ligg både utdanningsmessige og forskingsmessige delmål. Målsettinga har me forsøkt operasjonalisera gjennom einskildaktivitetar innan dei 2 brobyggjingsprosjekta (1) Kompetansesenter for Maritim Klynge, og (2) Vekst Industri Sunnhordland.

Kompetansesenter for Maritim Klynge (KOMAR): Innafor prosjektet er det gjennomført eit forprosjekt for å kartleggje dei profileringsretningar innan maritim næring høgskulen bør vidareutvikla seg mot. Resultatet i frå forprosjektet vil vere nyttig til utvikling av studietilbod, FoU-nettverk, og intern kompetanseoppbygging i høgskulen. Det vidare utviklingsarbeidet i prosjektet vert påbegynt våren 2006. Under planlegging er ein industrikonferanse på høgskulen med tre parallelle sesjonar innan sikkerhet, undervassoperasjonar og energi.

Vekst Industri Sunnhordland (VIS): Innafor prosjektet ønskjer me å sette fokus på korleis høgskulen kan vere ein aktiv partnar i innovasjonsarbeidet som går føre seg i og rundt selskap. VIS er etablert som ein såkalla industri inkubator, eit miljø som i utgangspunktet er innovativt og der høgskulen innan utdanning og som fou-partnar kan bidra til større grad av overleving og vellykka innovasjon for selskapa knytt til VIS. Me vil gjennomføra halv årlege ein dags innovasjonsseminar. Desse skal sette fokus på sentrale tema i innovasjonsarbeidet, og fungere også som ein kartlegging i forhold til relevant kompetanseoverføring mellom høgskule og innovasjonsmiljø. Knytt til dette planlegg me gjennomføra eit opplæringsprogram knytt til problemet å overleve overgangen i frå ide/innovasjon og til dagleg drift for bedrift. Knytt til begge brobyggjingsprosjekta søker me støtte om diverse mobilitetsfremjande verkemiddel og tiltak.

3. Doktorgradsutdanning

3.1 Rapport 2005

Medan 2004 hadde eit sterkt preg av iverksetjing og tilsetting i diverse stipendiatstillingar, har 2005 i langt sterkare grad vore prega av oppfølgjande tiltak til dei som vart tilsett. I 2005 har berre 2 stipendiatar tiltredd i løpet av året. Det er etablert 3 nye doktorgradsavtalar, medan 3 stipendiatar framleis manglar slik avtale. Ved årsskiftet har me 2 stillingar ubesette. Den eine på grunn av at vedkomande valde å gå over i annan stilling, medan i den andre er tilsetting føreteken, men vedkomande tiltrer etter planen først i løpet av 2006.

Per i dag har høgskulen fleire stipendiatar enn kva høgskulen har fått tildelt av slike årsverk gjennom dåverande UFD sist i 2004. Me tok satsinga på kompetanseheving særs alvorleg, og valde å omprioritera nokre av dei interne årsverka i frå ordinære undervisningsstillingar til stipendiatstillingar. Me vil fullføra satsinga på dei personane som var gjenstand for slik ønskjeleg

stillingsendring, men me ser også at me kan ikkje lenger nytta ressursar til vidare doktorgradssatsing utan at høgskulen får tildelt nye årsverk til slikt formål gjennom departementet sin budsjett-tildeling.

Ved utlysing og tilsetjing i stipendiatstillingane var lagt vekt på at stipendiatane skulle knytast opp til dei definerte strategiske prosjekt- og satsingsområda. Alle stipendiatane har utvikla, eller er i ferd med å utvikla, prosjekter som ligg innanfor høgskulen sine satsingsområde. Dette meiner med er ein rett kanalisering og bidrab til rekruttering av arbeidskraft med doktorgrad, og som kan bidra til å dekkje nasjonale og regionale målsettingar og behov for forsking innan dei aktuelle område.

Når det gjelder talmaterialet som departementet ber innrapportert, talar dei rimeleg godt for seg sjølv, utan vidare kommentarar enn det som er gitt over.

Tabell 3.1 Nye doktorgradsavtaler, hele 2005.

Studium (DBH-Kategori)	Finansiert over Institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over Andre eksterne kilder		Sum	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
HELSEFAG	1	-	-	-	-	-	1	-
SAMVIT	1	1	-	-	-	-	1	1
HUMAN	1	1	-	-	-	-	1	1
Totalt	3	2	-	-	-	-	3	2

Tabell 3.2 Samtlege doktorgradsavtaler, haust 2005

Studium (DBH-Kategori)	Finansiert over Institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over Andre eksterne kilder		Sum	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
HELSEFAG	7	6	0	0	0	0	7	6
SAMVIT	5	2	0	0	0	0	5	2
HUMAN	1	1	0	0	0	0	1	1
JUS	0	0	0	0	1	0	1	0
TEKNOLOGI	2	0	0	0	0	0	2	0
Totalt	15	10	0	0	1	0	16	10

Tabell 3.3 Avlagte doktorgrader, hele 2005.

Studium (DBH-Kategori)	Finansiert over Institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over Andre eksterne kilder		Sum	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
SAMVIT	2	-	-	-	-	-	2	-
Totalt	2	-	-	-	-	-	2	-

Tabell 3.4 Gjennomstrømming i organisert doktorgradsutdanning, studentar finansiert over institusjonens grunnbudsjett, hele 2005.

Studium (DBH-kategorier)	Antall avlagte doktorgrader		Gjennomsnitt årsverk, **brutto**		Gjennomsnitt årsverk, **netto**		Antall avbrutte doktorgradsavtaler		Avtaler 5 år eller eldre	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
HELSEFAG	0	0	6,4	6	4,1	3,8	0	0	1	1
SAMVIT	2	0	5	1,4	2,5	1	0	0	3	0
TEKNOLOGI	0	0	2	0	0,6	0	0	0	1	0
HUMAN	0	0	1	1	0,7	0,7	0	0	0	0
Totalt	2	0	15,4	9,4	8,2	5,73	0	0	6	2

Me har her tatt med dei disputasar og avlagte doktorgrader som er gjennomført i 2005. Gjennomsnitt årsverk brutto og netto er summert for alle med gjeldande doktorgradsavtale. Avtalar 5 år eller lengre er også berkna for samtlege av dei tilsette dette gjelder og som har ein gyldig doktorgradsavtale. Her blir tallene noe unyanserte, da det her ikkje kjem fram opphald, eller periodevise endringar i stillingsandel til dr.gr.arbeide mm.

Tabell 3.5 Gjennomstrømming i organisert doktorgradsutdanning, studentar finansiert over Norges Forskningsråd, hele 2005.

Høgskulen har ingen kandidatar i doktorgradsutdanning fiansiert over Noregs Forskningsråd. Me har NFR-stipendiatar med arbeidsplass her ved høgskulen, men som doktorgradsstudent knytt til UiB.

Tabell 3.6 Gjennomstrømming i organisert doktorgradsutdanning, studentar finansiert over andre eksterne kilde, hele 2005.

Studium (DBH-kategorier)	Antall avlagte doktorgrader		Gjennomsnitt årsverk, **brutto**		Gjennomsnitt årsverk, **netto**		Antall avbrutte doktorgradsavtaler		Avtaler 5 år eller eldre	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
JUS	-	-	1	-	0,7	-	-	-	-	-
MAR	-	-	-	-	-	-	1	1	-	-
Totalt	-	-	1	-	0,7	-	1	1	-	-

Tabell 3.7 Årsverk i stipendiatstillinger, høst 2005.

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kilder		Totalt antall årsverk	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
HELSEFAG	6	5	-	-	-	-	6	5
HISTORISK-FILOSOFISKE FAG	1	1	-	-	-	-	1	1
JURIDISKE FAG	-	-	-	-	1	-	1	-
SAMFUNNSVITENSKAP	5	3	-	-	-	-	5	3
TEKNOLOGI	1	-	-	-	-	-	1	-
Totalt	13	9	-	-	1	-	14	9

4. Vitskapleg utstyr

4.1 Rapport 2005

Høgskulen har ikkje fått bevilga utstyrsmidlar over strategisk forskingsbevilging i 2005, og investeringar til vitskapleg utstyr i 2005 har derfor eit svært lavt omfang. Fleire av dei prosjekta som er nemnde under pkt 4.1.1. og som høgskulen vil satsa på, har behov for vitskapeleg utstyr. Både i forma av utstyr til laboratorieøvingar, og i kombinasjon med spesialisert programvare.

Det er eit bremsande element i Fou-satsinga, at me ikkje har høve til å følgje tilstrekkjeleg opp enkelte av prosjekta på grunn av mangel på midlar til investering i vitskapleg utstyr.

5 Vitskaplege publikasjonar

5.1 Rapport 2005

Me syner til rettleiinga (rundskriv) der det står eksplisitt at rapporteringa av vitskaplege publikasjonar ikkje forventast å medfølgje den øvrige rapporteringa då endeleg rapporteringsfrist til DBH var sett til 01.mars.

Me vel likevel her å leggje ut dei vitskapelege publikasjonane som me per i dag reknar me vil gje oss utteljing som vitskapleg publikasjon. Under følgjer det oversyn over dei publikasjonar som er godkjende for rapportering til DBH ved automatisk import i frå ITAR. Andre publikasjonar må godkjennast manuelt ved at dei hentast inn frå dei andre oversiktene. Følgjande liste over publikasjonar i frå HSH i 2005 er dei som per i dag står som godkjende etter import i frå ITAR:

Artikler i tidsskrift (10):

Tittel	Bidragsytere	År
On Secure Framework for Web Services in Untrusted Environment	Encheva, Sylvia Tumin, S	2005
Ivaretakelse av pasientsikkerhet	Berland, Astrid Natvig, Gerd Karin	2005
The Twelve Harpsichord Concertos of Thomas Chilcot	Rishton, Tim	2005
Livet etter trafikkulykken. En fenomenologisk studie av stress og mestring hos personer med nakkeslengskade som følge av en trafikkulykke	Husøy, Gjertrud	2005
Implicit versus explicit classification. Excerpts from a concept analysis of classification	Bjelland, Tor Kristian	2005
Responce-Driven Web-Based Assessment System	Encheva, Sylvia Tumin, S	2005
Web-Based Assessment Tests Supporting Learning	Encheva, Sylvia Tumin, S	2005
Security Concerns for Web Services and Applications	Encheva, Sylvia Tumin, S	2005
On Projective Codes Satisfying the Chain Condition	Encheva, Sylvia	2005
Cooperative Shared Learning Objects in an Intelligent Web-Based Tutoring System Environment	Encheva, Sylvia Tumin, S	2005

Artiklar i serie (0)

Bokanmeldingar (0)

Monografier (1)

Tittel	Bidragsytere	År
Arbeid med digitale mapper i skolen	Engelsen, Knut Steinar Winje, Geir	2005

Artiklar i antologi (3):

Tittel	Bidragsytere	År
Cooperative Learning Objects in an Intelligent Web-Based Tutoring System Environment	Encheva, Sylvia Tumin, S	2005
Utviklinga av eldreomsorga - velferd i brytinga mellom sjukepleie og forvalting	Braut, Geir Sverre	2005
Eksemplariske forteljingar for barn	Høisæter, Sissel	2005

6. Fagleg leiing

6.1 Rapport 2005

I rapport 2005 både for forskings- og utviklingsaktivitetar, samt strategiske prioriteringar er også rapportert om arbeidet for å styrke den faglege leiinga av forskings- og utviklingsarbeidet. Me legger her til at programorganiseringa av forskings- og utviklingsaktiviteten intensjonelt ksal vere leia av ein professor for kvart program. Desse vil vere organisatorisk forankra til avdeling, men prosjektmessig vil ein måtta henta ressursar på tvers av avdeling avhengig av prosjektdeltaking og kompetanse. Dei økonomiske virkemidlane vil vere eit avgjerande reiskap for å "tvinge" utviklinga av fou-arbeidet i den retning som ein ønskjer. Utan flat tildeling av fou-tid, og tildeling av fou-tid på bakgrunn av kvalifiserte søknader etter gitte retningsliner i ein utlysing, meiner me at me kan styre utviklinga i ein viss retning.

7. Formidling

7.1 Rapport 2005

Me viser her til det oversyn som kjem fram i Bibsys register for antal publikasjonar per publikasjonskategori i 2005. Sjå tabell under.

Publikasjonskategoriar	Avd Stord	Avd Hgsd

Publikasjonskategoriar	Avd Stord	Avd Hgsd
A11 Fagfellevurdert artikkel i internasjonalt vitenskapelig tidsskrift	2	8
A12 Artikkel i internasjonalt vitenskapelig tidsskrift	-	-
A15 Fagfellevurdert artikkel i nasjonalt vitenskapelig tidsskrift	-	-
A16 Artikkel i nasjonalt vitenskapelig tidsskrift	1	-
A17 Artikkel i populærvitenskapelig tidsskrift	3	-
A18 Artikkel i fag-/bransjetidsskrift	-	1
A19 Bokanmeldelse i vitenskapelig tidsskrift	-	-
A21 Kapittel i lærebok	1	4
A22 Artikkel i vitenskapelig antologi	7	2
A23 Innførsel i leksikon/oppslagsverk	-	-
A24 Kapittel i fagbok	-	-
A25 Artikkel i vitenskapelig serie	-	-
A31 Kapittel i institusjonsrapport	2	-
A32 Kapittel i kompendium	-	-
A33 Konferanseabstract i rapport	-	-
A41 Kronikk/anmeldelse i fagtidsskrift	-	-
A42 Kronikk i dags-/ukepresse	9	2
A43 Intervju av faglig/populærvitenskapelig karakter	2	-
A51 Brev til redaktør i tidsskrift	-	-
A52 Debattinnlegg i tidsskrift	1	-
A53 Konferanseabstract i tidsskrift	-	-
B11 Vitenskapelig monografi	2	-
B12 Lærebok	3	-
B13 Fagbok	-	-
B14 Leksikon/oppslagsverk	-	-
C12 Kompendium	4	1
C13 Doktoravhandling	1	1
C14 Magisteravhandling	-	-
C15 Hovedfagsoppgave	-	-
C16 Masteroppgave	11	-
C17 Rapport i institusjonsserie	8	6
C18 Institusjonsrapport	2	1
D01 Invitert foredrag ved vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 1998)	-	-
D02 Foredrag/poster ved vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 1998)	-	-
D03 Foredrag/poster ved vit. konferanse med abstract (t.o.m. 1998)	-	-
D04 Foredrag (t.o.m. 1998)	-	-
D05 Poster (t.o.m. 1998)	-	-
D09 Uspesifisert faglig presentasjon (t.o.m. 2000)	-	-
D11 Invitert foredrag ved int. vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 2005)	-	-
D12 Invitert foredrag ved int. vit. konferanse med abstract (t.o.m. 2005)	-	-
D13 Invitert foredrag ved internasjonal vitenskapelig konferanse	15	1
D14 Foredrag ved int. vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 2005)		
D15 Foredrag ved int. vit. konferanse med abstract (t.o.m. 2005)		
D16 Foredrag ved internasjonal vitenskapelig konferanse	2	-
D17 Poster ved int. vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 2005)		
D18 Poster ved int. vit. konferanse med abstract (t.o.m. 2005)		
D19 Poster ved internasjonal vitenskapelig konferanse	1	1
D21 Inv. foredrag ved nasjonal vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 2005)	-	2
D22 Inv. foredrag ved nasjonal vit. konferanse med abstract (t.o.m. 2005)		1
D23 Invitert foredrag ved nasjonal vitenskapelig konferanse	8	-
D24 Foredrag ved nasjonal vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 2005)	-	-

D25 Foredrag ved nasjonal vit. konferanse med abstract (t.o.m. 2005)		
D26 Foredrag ved nasjonal vitenskapelig konferanse	-	-
D27 Poster ved nasjonal vit. konferanse med artikkel (t.o.m. 2005)	-	-
D28 Poster ved nasjonal vit. konferanse med abstract (t.o.m. 2005)	-	-
D29 Poster ved nasjonal vitenskapelig konferanse	3	1
D31 Faglig foredrag/poster ved fagmøte/fagmesse med artikkel (t.o.m. 2005)	26	11
D32 Faglig foredrag/poster ved fagmøte/fagmesse med abstract (t.o.m. 2005)	-	-
D33 Foredrag/poster ved fagmøte/fagmesse	6	-
D41 Populærvitenskapelig foredrag	-	-
D42 Gjesteforelesning	5	1
E11 Musikk - komposisjon	-	-
E12 Musikk - innspilling	-	-
E13 Musikk - konsert	-	-
E21 Kunst - verk	-	-
E22 Kunst - utstilling	-	-
X11 Lydmateriale (lydbånd, plate, CD)	-	-
X12 Billedmateriale (foto, diasserie, film, video, multimediaprodukt)	-	-
X13 Programvare	-	-
X15 Deltagelse i radio/TV-program av faglig/populærvitenskapelig karakter	-	-
X99 Uspesifisert formidling av FoU-resultater	-	-
Kilde: Bibsys/Statistikk/Antall publikasjoner pr. publikasjonskategori, 2005	113	45